

Notat til regionalt planforum, møte den 25. april 2017


Gjeld: Områdeplan for Alversund

Kommunedelplan for Knarvik-Alversund vart vedteken i 2007. Områdeplan for Alversund starta opp formelt i 2009. Planområdet er utvida to gonger, i 2010 (mot nordaust) og i 2017 mot nordvest). Gangbrua over fylkesveg 565 vart regulert i eigen plan i 2009.


Alversund skule har vore under vurdering i fleire år med bakgrunn i bruken av bygget til skuleføremål, for lite uteopphaldsareal knytt til elevtalet, og behovet for aktivitetshall som kan nyttast også av skulen. To arbeidsgrupper (politisk/administrativt samansett) har arbeidd med føremål å få på plass ein aktivitetshall som kan leggjast opp til skulen som dei siste åra er nytta som rein barneskule. Ikkje nokon av dei to prosessane har ført fram til konkrete vedtak om aktivitetshall nær eksisterande skule.

To arkeologiske undersøkingar er gjennomført, og det er gjort funn av automatisk freda kulturminne. Dette har og påverka moglegheitene for m.a. å leggje aktivitetshall nær skulen.

I 2015 vedtok kommunestyret å byggje ny barneskule, og at den skal leggjast på same stad som kommunedelplanen av 2007 viser eit nytt offentleg areal sør for dagens skule.




Fram til Kommunestyret si avgjerd var det arbeidd med areala rundt barneskulen for å få eit større uteopphaldsareal, og samstundes sikra eit areal til aktivitetshall. Arealet sør for skulen var i den samanheng tiltenkt bustadføremål.



Veg – og trafikkløysing til skulen har vore eit tema i planarbeidet fram til 2013




Trafikkløysing til skulen, frå nord og søraust.




Trafikkløysing til ny barnehage i nord aust.

Etter at skulen vart bestemt lagt til ein ny lokalitet sør for dagens skuleområdet i 2015, vart det gjort ei trafikkvurdering for å finne gode løysingar for trafikkløysinga til den nye skulen. I dialog med fylkeskommunen (Skyss og samferdselsavdelinga) og vegvesenet, er det gjennomført fleire møte, og synfaring i området. Nokre prinsipp vart lagt til grunn for framtidig trafikkløysing: Skulebussar vil ikkje gå inn til skulen sitt område, buss stopp må difor leggjast til fylkesvegen. I tillegg vart prinsippet om hjertesone lagt til grunn for å gje elevane som vert køyrt enten med buss eller bil om lag same gangavstand til skulen.


To skisseforslag er lagt fram for og vurdert av styringsgruppa for planarbeidet (personidentisk med plan- og miljøutvalet). Hovudkonklusjonane frå dette møtet er at arealbruken knytt til parkering og ny busshaldeplass ikkje er tilstrekkeleg gode. Det går med for mykje areal til dette, og samstundes er det mykje som skjer i området når buss og bil (med ulik reiseføremål) skal inn i det same området. Lindås kommune ynskjer betre arealbruk for dette området.



Alternativ 9



Alternativ 8



Framtidige gangveggar til nytt skuleområde

Er det mogleg å få til ei betre kopling mellom løysinga for kollektiv og parkering? Dersom dette ikkje er mogleg å få til, vil ei mogleg løysing på den tunge arealbruken som er vist i

skissene kunne vera at det i planen vert lagt til rette for ny veg inn til skuleområdet, der det også kan leggjast til rette for litt parkering. Eit nytt område for henting og bringing kan leggjast inn i området slik prinsippet i alternativ 8 og 9 viser. Kombinert med dette, vil det kunne vere mogleg å vidareføra bruken av trafikkareala som ligg til dagens skuleareal, særskilt for buss løysingane, og også for noko av parkeringsbehovet. Det er eit overordna mål å få ny skule etablert i løpet av kort tid. Difor vert hovudfokus for områdeplanen å få plangrunnlag på plass for skule og barnehage, samt bustadområde som ligg tett opp til desse områda. Når det gjeld framtidig bruk av eksisterande skuleområde, vil dette verte grundig utgreidd i kommunedelplanen for området som startar opp i vår. I den samanheng vert det også viktig å få ei overordna løysing på organiseringa av kollektiv for heile Alversund og Alverstraumen. I dette perspektivet kan det vere viktig å vente med planlegginga av ein større kollektivhaldeplass slik som skissene 8 og 9 viser.

Lindås kommune har gjennom prosessen også vore i kontakt med Museumssenteret i Salhus, og det har og vore synfaring i området for å sjå på deler av ei verneverdig løe som ligg tett opp til den framtidige vegen inn til skulen. Styringsgruppa for planarbeidet ynskjer å få vurdert om det er mogleg å flytta deler av bygget til ein annan stad, nærare den nye skulen slik at den kan nyttast meir aktivt til undervisninga, eller til ein anna stad.



Deler av løa er kulturminne

Lindås kommune ynskjer tilbakemelding frå planforum på utfordringane som er skissert i notatet. Vi vil kome attende til detaljar i møtet den 25. april.